



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 41/2010

Møtedato: 25.8.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S640

S 640, Jaslangen - søknad om uthus

Ragnhild Sundheim søker om å få føre opp att kokehus som ho har rive. Ho sökte i 2006 om å få føre opp att huset som kårsel. Dette fekk ho avslag på, men fjellstyret hadde ikkje merknader til at ho fekk føre opp huset som uthus. Bygging av huset vart stoppa i 2006 og det har ikkje vorte gjort noko med bygget sidan denne tid.

I 2006 var stølsforskrifta slik at både Statskog og fjellstyret skulle samtykke til bygging på støl som ikkje er i bruk. Etter revidert stølsforskrift fra 2009 skal fjellstyret gjea vedtak og sende saka vidare til Statskog som gjer søkjaren kjend med avgjerda.

§ 11. Om hus på seter som ikkje er i bruk og ikkje er fallen i det fri

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskriften gjeld tilsvarande.

Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i denne forskriften.

Departementet sine merknader til § 11

Etter fjellova fell ikkje retten til seter bort før den i 20 samanhengande år har vore ute av bruk som seter. Hendelege avbrot i setringa skal ikkje føre til at retten går tapt. Likevel må seterbrukaren ha ein rett til å vedlikehalde husa, så lenge setra ikkje er fallen i det fri. Om det blir behov for å setje opp, utvide eller endre hus med sikt på å ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i forskriften. Det som er sagt under § 10 gjeld tilsvarande, at fjellstyret skal innhente fråsegn frå regional kulturminnestyremakt.

Søknader etter første ledd skal sendast til fjellstyret, som handsamar dei og sender dei vidare til Statskog SF, som gjer søkjaren kjent med avgjerda. Vedtak fjellstyret gjer kan pålagast til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 og § 30 i forskriften.

Statskog skriv i brev datert 23.11.10:

Omsøkte bygg er en erstatning for opprinnelig uthus på stølen, og er også oppført på opprinnelig grunnmur. Formelt sett åpnes det kun for ordinært vedlikehold av bebyggelsen jf. seterforskriften, men det er liten praktisk forskjell om et hus fornyes vegg for vegg over en periode eller om rives og gjenoppføres så lenge byggets omfang, form og funksjon opprettholdes. Vi har derfor ikke merknader til at omsøkte bygg godkjennes som uthus.

Oppland fylkeskommune gir følgjande uttale datert 25.8.10:

Det omsøkte huset ser ut til å ha en annen karakter enn det som er revet. Med så mye vinduer vil det nye bygget ikke framstå som noe uthus.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for skålen og godkjenner søknaden etter § 11 i stølsforskriftene på vilkår av at utforming blir i samsvar med merknader frå Oppland fylkeskommune. Søknaden blir oversendt Statskog for vidare behandling, jf. LMD sine merknader til §11. Reviderte teikningar skal oversendast fjellstyret.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.9.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ragnhild Sundheim
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune